

Velkommen til Festidalen-bygda.

30.07.2015



Kjærleik.

I dag startar sommarens storhending her i Uskedalen. Festidalen! Vi merkar det på korleis bygda er kledd, og vi merkar det godt på folket. Stolte og glade som dei er i Festidalen. Vi merkar det på samhaldet og fellesgleda. Og vi merkar det til og med på korleis einskilde har slått plenane sentralt i bygda.

Det er dei yngste FestidaGen-deltakarane som drar det i gong når dei lagar rocketroll på Stemnelassen kl.11 i dag, og deretter går det slag i slag med eit vidt, variert og spennande program heilt til siste tonen legg seg under Festifjellet i Bjørnebølsområdet søndag ettermiddag.

Det er FestidaGen-aktivitetar, FestidaGen-show, føredragskro, festivalfrukost, Festicamp, Festitaren, 2 store konsertkveldar, næringsseminar, Lambaslepp før ein kjem til avslutninga under Festifjellet. Her vil ein oppleve rock, fjell, kjærleik og mykje meir.

Vi er heldige som får vera sentrum for Festidalen. Det er grunn til å vera takksame overfor dei som står i bresjen heile året, dei som har jobba lange dagar no, og ikkje minst alle dei frivillede frå alle bygder som bidrar så mykje. Og næringslivet som støttar så godt opp. Felleskapet og gleda over å vera med å skapa dette, er drivkrafta.

Aldri er vel Kvinnherad ein meir samla kommune enn når arbeidet med Festidalen pågår.

Det vert garantert flotte dagar under Festidalen. Og det stoppar heldigvis ikkje med Festidalen 2015. Leiinga har allereie plassert Festidalen 2016 på første helga i august. Eg gleder meg!



Velkommen til Festidalen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland